

MØTEBOK FOR VESTRE SLIDRE FJELLSTYRE

Sak nr: 51/2004

Møtedato: 3.11.04

Arkiv nr: S 639

S 639, Sørre Trøllhøvd – søknad om omdisponering av støl og utvisning av ny støl

Kari Hildur og Nils Hilmen skriv i brev datert 31.10.04 følgjande:

På bakgrunn av konflikter mellom hytteliv og stølsdrift ved vår støl på Sørre Trøllhøvd, søker er vi med dette eit høve til å ta imot eit tilbud frå Egil Einang om å kjøpe han sitt jorde med bygning på Grønnsennhøgda.

På bakgrunn av dette vil vi søkje om høve til omdisponering av stølen på Sørre Trøllhøvd for mogleg sal som fritidseigendom/hytte.

Slik situasjonen er i dag er forholda i området på Sørre Trøllhøvd betre egna til hytteliv enn til stølsdrift i form av dyr på beite.

Gråvassavløp frå nærliggande hytte utgjer ein trussel om forureining av brønn som brukast av alle hyttene i området. Pålegg etter befaringar i 2003 ang. gjerde er heller ikkje effektivt. Og det ser heller ikkje ut til at det er nokon interesse for å dele området med beitande dyr på summerane.

Slik forholda no har vore rundt vår støl, er det ikkje lenger forbunde med trivsel å bruke stølen. Håpar at søknaden kan behandlast med velvilje, til det beste for alle partar.

Flytting av støl blir avgjort av fjellstyret etter uttale frå Statskog. Spørsmål om oppretting av feste er grunnadisponeringstiltak som Statskog gjer vedtak om etter tilråding frå fjellstyret. Etter stølsforskriftene § 19 er det ikkje heimel for oppretting av feste på selet.

Oppretting av nye fester til fritidsformål inne på stølsлага har Statskog og fjellstyret som prinsipp utelukka. Dette samsvarar også med kommuneplan som set forbod mot ny fritidsbustadar i stølsområda. Fjellstyret har tidlegare behandla fleire søknader om fester på stølshus utan å kunne tilrå dette.

Fjellstyret er i utgangspunktet skeptisk til å flytte stølar med bakgrunn i nabotvistar. Problemet er reelt nok for partane, men fjellstyret skal leggja større vekt på dei landbruksfaglege sidene. Det omsøkte arealet ligg ca. 1000 moh og er i utgangspunktet lite skikka til stølsdrift.

Vedtak:

Oppretting av feste er det ikkje heimel for i stølsforskriftene og klart i strid med arealbruken både Statskog og fjellstyret er samde om og har praktisert i allmenningen. Fjellstyret kan derfor ikkje tilrå søknaden om feste. Fjellstyret oppfattar med dette at grunnlaget for søknad om flytting av støl ikkje lengre er til stades og har ikkje behandla den del av søknaden som omhandlar flytting.

Vedtaket er einstemmig.

Vestre Slidre fjellstyre den 12.11.04.

Harald Ranum
sekretær

Utskrift: Kari Hildur og Nils Hilmen
Statskog